

Innspel til sak nr.: 17 / 5228 – 2:

## **Ungdomspolitisk utval åtvarar mot å innføre eit forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet i barnehagar og utdanningsinstitusjonar**

På fylkesting for ungdom i mars vart eit forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet heftig debattert. Som resultat av denne debatten vart ei fråsegn fremma av ein delegat, som nemleg ynskte seg eit slikt forbod. Då fråsegna gjekk til votering falt den 43 mot 1 røyst. Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane stiller seg derfor negativ til dette framlegget.

I tillegg meiner utvalet at det er viktig å leggje merke til at det i dag er lite forskning på konsekvensane av å bruke ansiktsdekkjande plagg i undervisning, slik det også kjem fram i saksframstillinga. Utvalet tykkjer at det er viktig å ikkje synse i ei så viktig sak som dette. Veit ein til dømes om personar med ansiktsdekkjande plagg i større grad kjem til å droppe ut av vidaregåande opplæring på grunn av dette forbodet? Eller veit ein noko om dei psykiske skadane dette kan medføre for ein person med ansiktsdekkjande plagg?

Ein kan godt meine at det er eit viktig prinsipp at ein i undervisningssituasjonar syner ansiktet sitt, av omsyn til god kommunikasjon, openheit og sosial samhandling mellom lærar og elev, men saka handlar om meir enn som så. Ungdomspolitisk utval ynskjer å unngå ein situasjon der politikarar, som sjølv til vanleg ikkje brukar ansiktsdekkjande plagg, avgjer eller anbefaler å gripe inn i enkeltindividets fridomar og liv utan tilstrekkeleg forskning på konsekvensane av eit forbod.